



Nordhordland vassområde

Vestland vassregion

AKTIVITETSPLAN FOR NORDHORDLAND VASSOMRÅDE 2023

Bakgrunn

Aktivitetsplanen er laga for å følge opp forvaltningsplan, tiltaksprogram og handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027, samt prosjektplan for Nordhordland vassområde.

Hovudoppgåver handlingsprogram

- A Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion
- B Drift av vassregionen
- C Drift av vassområda
- D Rullere forvaltningsplan for 3. planfase (2028-2033)

Tilskotsordningar knytt til vassforskrifta og regional plan

Fleire av direktorata har tilskotsordningar som kan vere aktuelle for å finansiere overvaking og tiltaksgjennomføring mm. Miljødirektoratet har søknadsfrist 15. januar for fleire tilskotsordningar.

Gjennomføring av oppgaver

A Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning

Nr	Oppgåve	Hovudansvar	Medverkande
1	Implementere regional vassforvaltningsplan i kommunale og fylkeskommunale planar og planoppgåver.	Kommunar, fylkeskommunar	
2	Legge regional plan for vassforvaltning til grunn for eigen verksemd.	Alle	
3	Gjennomføre egne tiltak i tiltaksprogram.	Alle	VOK
4	Koordinere gjennomføring av regionale overvåkingsprogram. Ansvarlege sektorstyresmaktar, kommunar og fylkeskommunar har ansvar for å gjennomføre overvakinga.	Statsforvaltaren	Alle
5	Rapportere til vassregionstyresmakten når formålet til planen og prioriteringar ikkje vert fylgt.	Alle	
6	Kontinuerleg oppdatering i Vann-nett om status for gjennomførte tiltak.	Alle	
7	Kontinuerleg oppdatering i Vann-nett om miljøtilstand, karakterisering / klassifisering, påverknadar etc.	Statsforvaltaren (fagansvar)	Alle
8	Leggje data inn i Vannmiljø. Den som gjennomfør overvaking må syte for at data blir lagt inn i Vannmiljø. Det bør inngå i overvåkingsoppdrag at konsulenten legg inn data her.	Sektorstyresmakter	Statsforvaltaren
9	Oppdatere bruk av § 12 i vassforskrifta i Vann-nett.	Alle	VOK
10	Klargjering av eksisterande økonomiske og juridiske verkemidlar og kontinuerleg vurdering av trong for nye verkemidlar.	Sektorstyresmakter, Kommunar	Miljødirektoratet, VRM
11	Utarbeide årsrapport for vassregionen på grunnlag av årsrapportar frå vassområda.	VRM	Vassregionutvalet, vassområda
12	Lage ein framdriftsplan for oppfølging av prioriteringar i planen. Årleg oppdatering av planen. Ved behov oppdatere prioriteringar i handlingsprogrammet.	VRM	Vassregionutvalet, vassområda

C Drift av vassområda

Nr	Oppgåve	Hovudansvar	Medverkande
20	Halde møte i vassområdeutvala, temagrupper og referansegrupper i vassområda.	Vassområda, VOK	Alle, VRM
21	Sørgje for medverknad frå allmenne interesser på lokalt nivå	Kommunar, vassområde	
22	Utnytte finansieringsordningar til tiltak og overvaking	Alle	
23	Bidra til lokal kunnskapsoppbygging og bevisstgjeriing, oppdatere og drifte heimesida for vassområdet	Vassområda	
24	Årsrapportering til VRM	Vassområdeutval	Alle

På grunn av låg stillingsprosent i Nordhordland vassområde i 1.halvdel av 2023, vil det vere redusert aktivitet i samanlikna med andre vassområder i Vestland. Dette betrar seg i 2.halvdel av 2023, då stillinga aukar frå 17% til 50%. Det vil då vere mogleg å få starte opp og halde møte i administrativ gruppe, og i ulike temagrupper (avløp/landbruk) og referansegrupper.

Andre oppgåver

Prosjekt:

- 1) Følgje opp sjøaureprosjekt i Nordhordland, rapportar i 2022 (VOK). Leggje inn tiltak i vann-nett.
- 2) Følgje opp tiltak i sjøaurevassdrag som har fått restaureringsmidlar gjennom Vestland fylkeskommune. Tiltaka må gjennomførast i 2023.
 - Frøyset grunneigarlag, Masfjorden: kr 125 000 (til utlegg av gyttegrus)
 - Fønnes grunneigarlag, Austrheim: kr 30 000.
- 3) Eutrofiovervåking Vestland 2023. I Nordhordland skal tre innsjøar i prøvetakast (konsulent Faun/Biota):
 - Fedje: Storevatnet (VannID: 066-55483)
 - Austrheim: Solevassdraget (VannID: 066-26213-L)
 - Masfjorden: Storelva/Hopselva (067-132-R)
- 4) Felles overvåkingsprosjekt på kysten (2022-2027, SF). Vil sjå på samla belastning, spleiselag. Statsforvaltaren i Vestland.
- 6) Vassforvaltning i kommunale planar og forvaltning, sjekklister.
- 7) Opprette og halde møte i administrativ gruppe, og temagrupper (avløp/landbruk).
- 9) Få oversikt over andre aktuelle sjøaurebekkar i vassområdet som treng habitatkartlegging og tiltak for å betre forholda for sjøauren. Lage ein plan for arbeidet og søkje om midlar gjennom ordninga vassmiljøtiltak (Miljødirektoratet, søknadsfrist 15.januar 2024).

Andre aktuelle oppgåver for vassområda i Vestland (samarbeid):

- Arrangere seminar om oppfølging av nasjonale føringar avløp kap. 12 i forureiningsforskrifta.
- Vassforvaltning i kommunale planer og forvaltning – korleis bli betre på dette?